



Sondre Villanger Håland  
GRØNÅLVEGEN 18  
5936 MANGER

Referanser:  
Dykkar: Ref.:6WJDSY-  
Skjemanr.:5367  
Vår: 22/1088 - 22/29342

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
[anne.lise.molvik@alver.kommune.no](mailto:anne.lise.molvik@alver.kommune.no)

Dato:  
22.04.2022

## **Førebels krav om endring av bygningstype i matrikkelen - gbnr 445/1/40 Manger nedre**

Alver kommune viser til mottatt krav om endring av bygningstype i matrikkelen for bustad på gbnr 445/1/40. Vi beklagar sein tilbakemelding.

Bygget på eigedomen er oppført som bustad kombinert med del for tannlegekontor og har bygningstype 111 i matrikkelen. Kommunen har ikkje teikningar av bygget då det truleg er ført opp før 1965 då plan- og bygningslova vart vedteken.

Du vert fakturert med 2 gebyr for vatn og avløp fordi bygget har ein bustaddel og ein næringsdel. Vi forstår av innsende teikningar, at heile bygget no er tatt i bruk til bustadføremål.

For å verta belasta med berre eitt gebyr for kommunale avgifter må du søkja om bruksendring av del av bygget frå tannlegekontor (næring) til bustadføremål. Dette er eit søknadspliktig tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1, jf. 20-3. Det vil seia at tiltaket krev bruk av ansvarlege føretak, for tiltak på eigen bustad opnar lovverket for at du kan søkja om ansvarsrett som sjølvbyggjar.

Du må leggja ved søknaden plan-, snitt og fasadeteikningar som viser bygget før og etter endring. Dersom bruksendringa berre omfattar innvendig tiltak vil det ikkje vera nødvendig å nabovarsla endringa.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
Sondre Villanger Håland

GRØNÅLVEGEN 18

5936 MANGER